

Tida før påske kan me nytta til ettertanke og refleksjon ikring kva som verkeleg er viktig for oss. Kven og kva ynskjer me å via vår merksemd og resurssane våre på. Om du ynskjer å bidra til reint vatn for folk i Etiopia kan du ta vel i mot konfirmantane som kjem og samlar inn pengar 13-15 mars.

## I kriser er vatn kritisk

Aldri før har vi sett så mange store humanitære kriser på ein gong. Kirkens Nødhjelp er i katastrofen med reint vatn. No treng dei di hjelp.

Akkurat no er millionar av menneske ramma av katastrofar – verda over. Det siste året har Kirkens Nødhjelp gitt reint vatn til mellom anna flyktningar i Sør-Sudan, Nord-Irak og Syria, flomoffer i Malawi, tørkeramma i Etiopia og jordskjelvoffer i Nepal.

I Etiopia har vêrfenomenet El Niño skapt den verste tørka på 30 år. Ifølgje etiopiske styresmakter vil 10,2 millionar vere trua av kritisk matmangel i 2016. Meir enn halvparten av desse er born. 5, 8 millionar menneske er i akutt mangel på vatn.

Blant dei som er hardt ramma, er bøndene i Ankober-distriktet. 66-åringen Dagne i landsbyen Washa har sjeldan sett ei verre tørke gjennom sine 40 år som bonde.

– Eg har vore gjennom vanskelege periodar i livet mitt. Det har skjedd før at regnet ikkje har kome og vi har prøvd å overleve med det lille vi har. Men dette er noko av det vanskelegaste eg har opplevd. Kvar einaste dag må heile familien stå over måltid for å spare på maten, fortel nibarnsfares.

### Enorm mangel på vatn

Tørka har skapt enorm vassmangel, ubrukelege avlingar og utarma beitemarker. Bøndene mister dyra sine og dermed livsgrunnlaget sitt. Det lille regnet som har kome, har ikkje vore nok til å gi avlingar.

For å klare seg, må bøndene selje dyra som har overlevd så langt i tørka. Dei blir tvunge til å selge kyr som har sørga for verdifull melk til borna i familien. No har mange snart korkje dyr eller pengar igjen. Dagne håpar fortsatt på regn, men er uroa for korleis han skal klare å drive jorda utan oksane sine.

– Eksistensen vår avheng av dyra våre. Utan dei, blir det vanskeleg for oss å overleve. Eg veit ikkje kva eg skal gjere, seier Dagne fortvila.

Kirkens Nødhjelp er til stades i Ankober og fleire andre av dei verst ramma områda i Etiopia. Behova er akutte, og Kirkens Nødhjelp sørgjer for reint vatn og trygge sanitære forhold.

– Vi er i gang med nødhjelpsarbeidet og har allereie jobba førebyggjande i fleire månader. Men når omfanget er så stort,

*"... sanneleg eg seier dykk: Alt de gjorde mot eit av desse minste syskena mine, det gjorde de mot meg. Matt 25,40."* Sjå nettsida til Den norske kyrkja for tips på kva du kan gjera for å ta medvitne val: <https://kirken.no/nb-NO/kristen-tro/kirkearet/fastetiden/slik-kan-vi-faste/?id=1385859>



*Trass dårlege avlingar dette året, arbeider Dagne i åkeren for å førebu den tørre jorda på regnet han håpar vil kome. (Foto: Hilina Abebe/Kirkens Nødhjelp)*

treng vi all den hjelpa vi kan få, seier generalsekretær Anne-Marie Helland i Kirkens Nødhjelp.

### Du kan hjelpe

I kriser er vatn kritisk. Difor er vatn noko av det aller første Kirkens Nødhjelp stiller med i katastrofar. Dei sørgjer for reint vann og høve til gode sanitærforhold der alt er øydelagd. Samtidig jobbar dei saman med folk i utsette område for å førebyggje den neste naturkatastrofen. Kirkens Nødhjelp jobbar også med å påverke politikarar og andre beslutningstakarar til å stanse klimaendringane.

Kirkens Nødhjelp treng di hjelp for å hjelpe. 13.- 15. mars går Kirkens Nødhjelps fasteaksjon 2016 av stabelen. Dette er kyrkjelydenes eigen aksjon. Ditt bidrag gjer det mogleg for Kirkens Nødhjelp å vere der med reint vatn når katastrofen rammer. Difor håpar vi du vil støtte fasteaksjonen i sokna våre. Vi oppmodar deg også til å bruke stemma di i fasteaksjonens klimakampanje og slik bidra til å stoppe klimakrisa.

# Gudstenesteliste februar-april

7. februar kl. 11.00:  
Gudsteneste på Granneheimen  
Jens Linde. NMS-stevne for  
Nordhordland.  
Nattverd. Takkoffer til NMS

14. februar kl. 11.00:  
Gudsteneste i Solheim kyrkje  
v/ Audun Systad.  
Nattverd. Takkoffer til «Children  
at risk foundation».

Laurdag 20. februar kl. 20.00:  
Gudsteneste i Fjon Fjellkyrkje i  
samband med konfirmantleir.  
Jens Linde.

21. februar kl. 11.00:  
Familiegudsteneste i Frøyset kyrkje.  
Jens Linde. Barnas misjonsdag.  
Nattverd. Takkoffer til Bergen  
søndagsskulekrins

28. februar kl. 11.00:  
Familiegudsteneste i Sandnes kyrkje.  
Jens Linde. Barnas misjonsdag  
Nattverd. Takkoffer til  
kyrkjelydsarbeidet.

20. mars (palmesøndag) kl. 11.00:  
Gudsteneste i Sandnes kyrkje.  
Jens Linde  
Nattverd. Takkoffer til Den  
norske Israelsmisjon

24. mars (Skjærtorsdag): kl. 16.30:  
Gudsteneste i Fjon Fjellkyrkje.  
Jens Linde  
Nattverd. Takkoffer til Fjon  
Fjellkyrkje.

25. mars (Langfredag) Kl. 11.00:  
Gudsteneste i Frøyset kyrkje.  
Jens Linde  
Nattverd. Takkoffer til  
kyrkjelydsarbeidet

27. mars (Påskedag): Kl. 16.30:  
Gudsteneste i Sandnes kyrkje.  
Jens Linde  
Nattverd. Takkoffer til Familie og  
medier

28. mars (2. påskedag): Kl. 11.00:  
Gudstneste i Solheim kyrkje  
Jens Linde  
Nattverd. Takkoffer til KRIK

3. april: Ikkje gudstenester.

10. april kl. 11.00:  
Gudsteneste i Frøyset kyrkje.  
Jens Linde  
Nattverd. Takkoffer til Stine  
Sofie-stiftelsen

17. april kl. 11.00:  
Gudsteneste i Sandnes kyrkje.

Jens Linde  
Nattverd. Takkoffer til arbeidet i  
kyrkjelyden

24. april kl. 16.00:  
Familiegudsteneste i Solheim kyrkje.  
Jens Linde.  
Barnas misjonsdag  
Nattverd. Takkoffer til  
Misjonsprosjektet i Thailand

## Konfirmasjonsdatoar 2017

Konfirmasjonsdatoane i  
Masfjorden i 2017 vert slik:  
**Søndag 7. mai kl. 11.00:**  
Frøyset kyrkje  
**Søndag 14. mai kl. 11.00:**  
Solheim kyrkje  
**Søndag 21. mai kl. 11.00:**  
Sandnes kyrkje.

## Leiarar i Sokneråda:

**Solheim** Kristin Midtgård  
415 75 565  
**Sandnes** Randi Kjøsnæs  
472 35 930  
**Frøyset** Arne Riisnes  
913 62 788

## Avlidne :

01.01 Ragna Kristine Krossøy

05.01 Betsy Ingvarda Hope

10.01 Gerd Duesund

13.01 Kristina Andersen

14.01 Ragnar Sandnes

*Eg er oppstoda og livet, seier Herren. Den  
som trur på meg, skal leva om han så  
døyr. Og kvar den som trur på meg, skal  
i all æva ikkje døy.*

## «På troen løs»

f.1922 **Biskopen i dialog om aktuelle tema**

f.1926 Vi slipper troen løs fra kirkens indre rom og utsetter den for spørsmål, kritikk og forsvar. I løpet av 6 samtaler våren 2016 møter biskop Halvor Nordhaug og moderator Håvard Nyhus tvilere, troende, ateister og alt derimellom. De neste dialogene er på Litteraturhuset i Bergen 19.00 – 20.30

f.1928 10. februar: Journalist og forfatter Alf van der Hagen: Religiøs forlegenhet og sjenanse.

09. mars: Professor Frank Aarebrot: Hva har troen betydd for norsk politikk?

For meir informasjon sjå:  
<https://kirken.no/nn-NO/bispedommer/bjorgvin-bispedome/>

## Stillhetens gave

I evangeliene leser vi om at Jesus går opp i fjellet for å be! Når han står over for store oppgaver i sin tjeneste for denne verden søker han først Gud i stillhet og bønn!

Jesus hadde et svært aktivt liv. Hele tiden var han på farten. Han forkynte, helbredet syke og samtalte med mennesker. Han gikk på gudstjenester og deltok i selskap. Folk spurte etter ham hele tiden og hadde store forventninger.

Men midt i en åndeløs aktivitet hører vi et rolig åndedrag. Omgitt av timers bevegelse finner vi tid i bønn og stillhet. I hjertet av all engasjement som Jesus hadde finner vi ord om å trekke seg tilbake: "Han gikk opp i fjellet for å be." Jesus trekker seg tilbake for å være alene i bønn og tilbedelse.

I møte med de store utfordringene, i møte med de mange forventningene og oppgavene, opprioriterte Jesus stillheten og bønningen. Når han stod over for de mest avgjørende valgene i sin tjeneste brukte han hele natten i bønn og stillhet for å bli ett med sin Fars vilje!

På det stille stedet fant Jesus mot til å følge Guds vilje og ikke sin egen. På det stille stedet fikk han kraft og mot til å tale Guds ord og ikke sitt eget. Han fikk kraft og mot til å gjøre Guds arbeid og ikke sitt eget. På det ensomme, stille stedet, i samvær med sin himmelske Far blir Jesu tjeneste for denne verden født.

Det var på det stille stedet at Jesu identitet som Guds sønn vokste. Det var her Jesus vokste i erkjennelsen av at all kraft han hadde var gitt ham, at alle ordene han sa kom fra Hans Far, og at alle gjerninger han gjorde egentlig



ikke var hans, men verket til Ham som hadde sendt ham. På det stille stedet ble Jesus gjort fri fra denne verdens forventninger og krav. Nå handlet det ikke om hva verden forventet, men det handlet om hva Gud hadde tenkt å gjøre igjennom sin Sønn i denne verden!

I dag inviterer Gud oss inn i bønn og stillhet fordi han elsker å være sammen med oss og å gi sin velsignelse til oss! I stillheten utruker han oss samtidig til tjeneste og sender oss ut til mennesker med budskapet om hans frelsende kjærlighet og nåde.

*Jens Linde*

### **«Som andlet speglar seg mot andlet i vatnet, finn det eine menneske sitt hjarte att hos det andre.»**

Dette sitatet frå ordspråka (27,19) i Bibelen poengterer at me er sosiale vesen og treng alle å sjå folk og verta sett. Ikring bygdene er det mange som finn dette både viktig og meiningsfullt. Nokre er med å skipar til slike treffstader slik at mange fleire får gleda av å sjå sambygdingar. Du er velkomen til å vera med i samkoma enten du bidreg med dine hender, di stemme, ditt smil eller ditt hjartelag.

På Sleire kafé inviterer frivillige frå helselaga i Nordbygda, Sleire, Hatlevika og Frøyset til kafé i grendahuset på Sleire. Dei lagar maten sjølve og byr deg middag, kaffimat, og høve til å spela bingo og slå av ein prat med bygdafolket. Dei er der annankvar tysdag klokka 11.00-14.00 frå 16. februar, til og med 28. juni (Med unntak påskeveka og 17. mai). Dette er eit samarbeid mellom helselaga og kommunen.

Kafeén på Sandnes byr på samkome ein onsdag i månaden frå klokka 11.00-14.15. Her kan du møte sambygdingar over noko å bita i. Neste gong er onsdag 17. februar så kvar fjerde veke: 16.3, 13.4, 11.5 og 8.juni. Dette er eit samarbeid mellom bygdafolk og kommunen.

Føremiddagstreffet på Kvingo byr på betasuppe, kaffimat, song og underholdning, gjerne med trekkspel. Der møtest folk i det gamle skulehuset på nord Kvingo



klokka 11.00 – 13.30 kvar fjerde onsdag frå 02. mars, deretter 31.3, 27.4, 25.5. Dette er eit samarbeid mellom helselaget, grendahuset og frivilligsentralen.

Helselagskaféen på Haugsvær er open to onsdagar i månaden frå klokka 11.00. Her kan du nyta vaflar, kaffi og prata med sambygdingar! Før påske er du velkomen den 10.02, 24.02 og 09.03. Dette er eit samarbeid mellom helselaga i Indrefjorden.

## Kurs i slektrgranskning for nybegynnarar

I haust arrangerte biblioteket kurs i slektsgranskning der fokuset var å læra meir om dei ulike kjeldene me kan nytta når me skal driva slektsgranskning, og å bruka dei mest vanlege kjeldene ein kan finna på internett.

Det har i etterkant kome spørsmål om nytt kurs. Om det melder seg nok interesserte, blir det sett i gong kurs på Sandnes skule. Kurset blir på rom 1 og går over tre kveldar: onsdag 17.2.15, onsdag 24.02 og onsdag 1.3. i tidsrommet 17.45 – 20.15.

Så har du lyst til å vita meir om di eiga slekt, men ikkje veit kvar eller korleis du skal begynna, må du melde deg på. Kurset kostar 300 kr. Kurshaldar er Alf Strand.

Påmelding til biblioteksjefen tlf 56166420 eller e-post – kjellaug.strand@masfjorden.kommune.no innan 12. februar

## Nytt frå biblioteket

I fleire år har det vore ein kriminalroman som har toppa utlånsstatistikken i Masfjorden. Men i 2015 kom ein historisk roman på topp. Kanskje ikkje heilt uventa var det Edvard Hoem si bok «Slåttekar i himmelen» som stod øvst. Like etter kom Et helt halvt år av Jojo Moyes. Først på tredje plass kom den krimromanen som vart mest utlånt i fjor: «Løvetemmeren» av Camilla Läckberg. «Rakels bok» som låg høgt på statistikken i 2014, har vorte mykje lesen i 2015 og. Mange har og lese Monica-saken av politimannen Schaefer som arbeidde sterkt for at denne saka skulle takast opp att.

Etter ein nedgang i utlånet i 2014, vart det ein gledeleg oppgang med over 1200 utlån i 2015. Nesten 11800 utlån er registrert totalt for skule- og folkebiblioteka i 2015. Barn og unge er den største lånegruppa og står for om lag 7000 av låna. Berre 32 utlån er e-bøker.

Som nemnt er utlånet av e-bøker heller labert. Mange vil helst ha boka i papir, men for dei som skal ut å reisa er e-bok eit godt alternativ. 11. februar vert det nytt system for utlån av e-bøker. Då går vi over til den app-baserte løysinga eBokBib. Det vil koma meir informasjon om korleis ein går fram for å låna når dette er kome i orden.

I haust vart det lyst ut midlar frå Nasjonalbiblioteket til arrangement i biblioteka. Nordhordlandsbiblioteka sende ein samla søknad og fekk støtte til åtte arrangementsrekke. Nokre av arrangementa blir for

# RAKNESTUNET

## YNGRES I

26.-28. februar  
for dei i 4.-6. klasse,  
670 kr

## BETWEENLEIR

4.-6. mars  
For dei i 6.-7. klasse,  
670 kr

## YNGSTES I

11.-13. mars  
for dei i 3.-4. klasse,  
670 kr

## TENÅRINGSLEIR

18.-21. mars  
for dei i 8.-10. klasse,  
950 kr

## VÅRLEIR

1.-3. april  
for dei i 4.-6. klasse,  
670 kr



Vinter/vår 2016



NORDHORDLAND INDREMISJON  
Med Guds ord til folket

### PÅMELDING TIL NORDHORDLAND INDREMISJON

Tlf: 56 17 70 25  
E-post: nordhordland@imf.no

**Første påmeldingsdag**  
påmeldingstidspunkt for dei ulike leirane er som følger:

**ONSDAG 20. JANUAR KL. 09:00**

Dette gjeld også e-post.

#### OPNINGSTIDER:

Mandag - Torsdag: kl. 9.00-14.30  
(Ikkje bemanna: 11.35-12.15)

barn i skuletida, men er sjølv sagt open for alle. No i vår kjem Adele Lærum Duus med barneteateret «Farfars bombekrater». Teateret tek utgangspunkt i biletboka med same tittel og skildrar korleis det var å veksa opp i ein dokterfamilie på Voss under krigen. Trude Teige kjem til ungdomsskolen.

I april kjem Annemor Sundbø (Biletet til høgre) som mange kanskje hugsar frå strikkekvelden i NRK 2. Ho har kalla foredraget «Norske strikkesømner, et universelt språk» og har med ulike mønster frå lokale tradisjonar. Dette blir på biblioteket på Hosteland. Føl med på heimesida og plakatar etter kvart som arrangementa kjem.



Tekst: Kjellaug Bolset Strand

## Vi minnar om frist for opp-tak i barnehage og SFO

Det er tid for å søkja om plass i barnehage og SFO igjen. Søknadsfristen for 2016-17 er 1. mars 2016. Søknaden må leverast elektronisk. Søknadsskjemaene finn du på [www.masfjorden.kommune.no](http://www.masfjorden.kommune.no) under Sjølvbetjening / Skjema / Skule og barnehage

I Masfjorden har me tre kommunale barnehagar; Indre Masfjorden barnehage, Nordbygda barnehage og Sandnes barnehage. Desse gjev tilbod om barnehageplass 5 dagar i veka.

Dei som ikkje har tilgang til internett kan fylle ut skjemaet på eit av biblioteka eller kommunehuset i opningstida, og få hjelp til å fylla ut skjemaet ved å venda seg til ein av barnehagane eller tenestetorget i kommunen.

Vedlegg til søknaden må sendast til Masfjorden kommune, Austfjordvegen 2724, 5981 Masfjordnes. Fristen for å senda inn vedlegg er den same som for å senda søknad om barnehageplass.

Barnehagane har dette tilbodet: 5-dagarstilbod til kr 2395 pr. mnd.

## Nye satsar for festeavgifter

Neduder er eit oversyn over dei nye prisane som Masfjorden Kyrkjelege fellesråd har vedteke skal gjelda frå 1. januar 2016 og som er godkjente av Masfjorden kommunestyre.

<b>Type festeavgifter og andre prisar</b>	<b>Prisar pr. år sidan 01.05.2010</b>	<b>Føreslegne nye prisar pr. år frå 01.01.2016</b>
<b>Feste for enkelgrav når festetida er ute (30-60 år)</b>	<b>Kr 100</b>	<b>Kr 150</b>
<b>Feste for enkeltgrav ved utvida fredningstid (etter 60 år)</b>	<b>Kr 160</b>	<b>Kr 240</b>
<b>Feste av særskild gravstad for ektefelle/sambuar og oppattnying av feste:</b>	<b>Kr 100</b>	<b>Kr 150</b>
<b>Familiegravstad på Frøyset, (9 graver):</b>	<b>Kr 800</b>	<b>Kr 1200</b>
<b>Gravplass for personar busette utanfor kommunen utan rett til fri-grav</b>	<b>Kr 1200</b>	<b>Kr 1800</b>
<b>Avgift for gravlegging av utanbygds kiste</b>	<b>Kr 4000</b>	<b>Kr 6000</b>
<b>Avgift for gravlegging av utanbygds urne</b>	<b>Kr 1500</b>	<b>Kr 2250</b>

## På besøk i Sandnes barneforeining

Det var kjekt å vere tilbake i Sandnes kyrkje – til siste samlinga i Sandnes barneforeining før jul – barnelaget eg har fått vere med å leie i over tretti år. Veldig kjekt å sjå at det framleis er like livsfriskt som då vi heldt til i prestegarden.

Aller først andakt og song inne i kyrkjerommet der tjue born og nokre hjelpande foreldre fylte dei fire-fem fremste benkene. Kva song skulle vi syngje? Nei – ingen tvil – det var *ein* song som alltid sto øvst på ønskelista – den var ikkje gløymd: «Kongenes Konge, Herrenes Herre, ære ...» Men aller først: Ein runde med den gamle

misjonsbøssen som det har blitt lagt uendeleg mange kronestykke og femti-ører på.

Barneforeining og ulike slag av hobbyarbeid høyrer også uløyseleg saman. Denne gongen litt ulike slag av julepynt eller julekort. Borna sat tett rundt borda i den vesle kyrkjelydssalen, og entusiasmen og engasjementet var like stort om dei hadde valt det eine eller det andre å lage. Gjennom alle år har det vore ei spesiell oppleving å sjå gleder borna har hatt med dei enkle aktivitetane.

Halvannen time går veldig fort når skiftande aktivitetar skal ha plass.

Aller sist tid for mat. Og sidan det er siste gong før jul, kva var meir naturleg enn avslutning med julegraut – med mandel. Men mandelen – kor vart den av? Ingen som fann den? Hmm – det er det visst første gong eg har opplevd, endå så mange gonger eg har vore på ei juleavslutning og fått julegraut. Men mandel eller ikkje mandel – det var veldig kjekt å få oppleve barneforeininga enno ein gong. Håper den har eit langt liv framfor seg, med plass for stadig nye born som skal vekse opp.

*Knut Fredrik Sørheim*

---

## Aktivitetskveldar

### *i Granneheimen på Kvingo*

Styret i Granneheimen på Kvingo har eit ynskje om å tilretteleggja for at bygdefolket på tvers av generasjonar kan møtast. Me i styret er i uro over at dagar, veker og månader går utan at naboar i bygda ser kvarandre eller snakkar saman. Me lever i ei tid då dei fleste ser ut til å ha nok med seg sjølve, og det kvardagen krev av dei. Dei fleste er knytt til aktiviteter innanfor si eiga aldersgruppe. Me i styret ynskjer at bygdefolk, på tvers av alder og kjønn, skal kunne møtast til eiga og felles glede. Me kan ha noko å læra av kvarandre, gjera saman eller berre vera saman.

Me planlegg ein felles kveld i månaden, der me møtest i den nyoppussa kjellaren i Granneheimen. Spelar spel, strikkar, heklar, samatar, ser film og et kveldsmat saman. Den første kvelden vert torsdag 4. februar kl. 18.00.

Dette vil i utgangspunktet bli eit tilbod for alle frå Einestrاند til Mjanger i alderen 10 – 100 år

Me i styret er opne for at tilbodet vil bli justert etter ynskje og behov.

For styre i Granneheimen  
*Gro Marit Kvinge Tande*  
- leiar -

## Helselagskafé

### *på Bua v/Haugsværtunet*

Onsdag 10.02, 24.02 og 09.03 kl. 11.00  
Vaflar og kaffi og god tid til å prata med kvarandre.

Alle er velkomne til å vera med!  
Samarbeid mellom Helselaga i Indre Masfjorden.

Treng du skyss, ring til

Gerd Daae 97405036

Tordis Matre 90905712

Anny Duesund 47758588

Torill Storsæter 90582698

## Film

Dersom du kjenner ein film som gjev deg inspirasjon, støtte, kunnskap, utfordrar haldningane dine eller på ein annan måte gjev deg næring til å vera eit medmenneske, så skriv nokre ord om dine opplevingar og send dei til underteikna.

### *Joralf Gjerstad, mannen frå Snåsa.*

Margrete Olin har laga film om ein mann som møter folk med eit ope sinn. Ho kjenner seg sett og møtt med interesse og aksept for den ho er. Det høyrest fint ut! Om vi alle berre vert høyrte for det vi seier og meiner og ikkje for det som folk trur vi uttrykkjer, så ville det vera til stor hjelp for mange! Kanskje denne filmen kan gje oss innsikt i kor viktig det er for sjela i oss å verta møtt med medkjensle av våre medmenneske? Kanskje Joralf viser oss ein måte me kan praktisera dette verset: Dørm ikkje, så de ikkje sjølve skal bli dømde! Matt 7.1

### *Stabukkar*

Ein islandsk film om sauer og menn. Lydbileta og filminga gav meg ei sælande ro, filmen gav meg både latter og perspektiv på kva som er viktig i livet. Dersom du ikkje er særleg glad i intens filmmusikk og flakkande filming kan denne filmen gjera godt å få med seg

*Helga*

---

## Stor interesse for norskopplæring

Etter nyttår starta Masfjorden kommune opp nytt norsk-kurs for innvandrarak. Kvar tysdag- og torsdagskveld møtest ti personar frå sju ulike land for å læra seg å snakka, lesa og skriva norsk.

Stemminga er god i klasserommet også denne kurskvelden. Gruppa har funne tonen. No sit elevane parvis og skal fortelja kvarandre om seg sjølv- på norsk! Ikkje lett å finna orda når du er heilt nybegynnar i språket, men med god hjelp frå lærar og med engelsk som hjelpespråk er det imponerande å høyra kor raskt dei norske orda og framgangen kjem. Og så er dei som har budd lengst i Noreg gode til å hjelpa dei aller sist tilflytta.

Lærar Klara Villanger gir tydelege instruksjonar, både på engelsk og norsk. « No skal me telja», men før ho forvel har fått gitt instruksjonen ferdig er heile gruppa i gang med å telja seg oppover med einarar, tiarar og hundrarar- høgt og tydeleg. Og for ein utanforståande kjem det tydeleg fram at det er motiverte og læreviljuge elevar ein her har med å gjera, men at å få taket på dei norske språkklydane nok kan vera ei nøtt å knekka.

På kurset tek ein utgangspunkt i læreboka. Det vert også nytta eit interaktivt undervisningsopplegg der elevane kan jobba på eige hand på datamaskinene, og der dei løyste oppgåvene vert sendt direkte til lærar.- Eg likar dette dataprogrammet, seier Aleksandr Golovaskov. Han kjem frå Estland og arbeider i Sløvåg.- Med eit slikt program kan eg arbeida med norskopplæringa kor som helst og når som helst, programmet gir meg gode instruksjonar og hjelp undervegs, og gjer det mykje lettare å arbeida med språket mellom kurskveldane.

# UMM-skulering i Masfjorden

For litt sidan var det MOT-samling ved Sandnes skule, der dei nye *Ungdom med MOT* (UMM) i Masfjorden fekk skulering.

"Ein Ungdom med MOT skal vere ein rollemodell og godt førebilete for andre, skal gjere det enklare for dei rundt seg å lever, bry seg og seie nei, og bidra til å styrke oppvekstmiljøet i positiv retning."

UMM-skuleringa inkluderte både dei nye UMM og dei frå i fjor, samt MOT-informatørane, og varte frå fredag til laurdag. Skuleringa gjekk ut på å førebu dei nye ungdommane til rolla som UMM.

Ungdommane fekk forskjellige situasjonar dei skulle ta stilling til og prøve å løyse. Det blei også delt ut oppgåver til ungdommane, der dei skulle lage eit lite rollespel, basert på MOT-relaterte ord.



Dei nye UMM skal til våren gjennomføre tre skulebesøk hos 7. klasse ved skulen deira, for å hjelpe til med å gjere overgangen frå barne- til ungdomsskulen enklare. Førebuinga av dette besøket blei praktisert, der fjorårets UMM og MOT-informatørane spelte 7.klassingar.

Etter skuleringa, kunne ungdommane gjere det ungdommar gjer best; tulle seg, ha det gøy og skape gode minner saman.

Tekst og foto:  
*Ida Søvik.*



Men viktigast av alt er samtalen. Det å setja seg ned og få prøvd ut nye ord og setningar på medelevar, lærar og andre som stikk innom på kurskveldane er sjølve nøkkelen til å

gjera språket til sitt eige. Og så er det sosialt. Det er ikkje vanskeleg å sjå at kursdeltakarane verdset å treffa andre innvandrarar.

-Å læra seg språket er ein føresetnad for å kunne bli integrert i eit nytt land, seier lærar Klara Villanger. - Ein må kunne språket i jobbsamanheng, og språkmeistring gjer det og mykje lettare å forstå samfunnet og å delta i sosialt fellesskap. Gode norskopplæringstilbod til innvandrarar trur eg og er ei god investering for kommunen og for folkehelsa, avsluttar ho.

Begynnarkurset heldt fram til sommaren. Interesse for dette kurset har vore så stor at ein no har måtte takka nei til etterpåmeldte. Fleire har også meldt seg til vidaregåande norskkurs. Det vil bli starta opp både kurs for nybegynnarar og vidarekomne til hausten.

Informasjon om norskopplæring for innvandrarar får ein ved å venda seg til Masfjorden kommune: 56 16 62 00

post@masfjorden.kommune.no  
<http://www.masfjorden.kommune.no/vaksenopplaering.369829.nn.html>

Tekst og foto:  
*Frank Kvinge*

## Masfjordingen

Som mottakar av Masfjordingen og medlem av Den norske kyrkja er du med å prega samfunnet me alle er ein del av. Er det å byggja fellesskap og inkludera sambygdingar viktig for deg?

Kva skjer i ditt nærmiljø som engasjerer deg? Skal det skje noko du ynskjer at andre kan få vita om?

Skriv nokre linjer om kva som skal skje eller har skjedd, legg gjerne ved ein illustrasjon eller eit bilete og send det til [helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no](mailto:helga.ekehaug@masfjorden.kommune.no)

**Fristar** for å levera stoff til Masfjordingen denne våren er som fylgjer:

Onsdag 02. mars,  
mandag 04. april,  
onsdag 01. juni.

**Frivilligsentralen i Masfjorden**  
når du på tlf. 56 16 62 62 / 911 93612.

Dagleg leiar er Helga Ekehaug

Adressa til Frivilligsentralen er:  
Frivilligsentralen i Masfjorden,  
5981 Masfjordnes  
eller e-post:  
[friv.sentr@masfjorden.kommune.no](mailto:friv.sentr@masfjorden.kommune.no)



## Kontaktinformasjon

Telefonnummer til kommunen sitt sentralbord : 56166200  
Postadressa til kommunen : Masfjorden kommune,  
Austfjordvegen 2724  
5981 Masfjordnes

E-postadressa til kommunen :  
[post@masfjorden.kommune.no](mailto:post@masfjorden.kommune.no)  
( Ved bruk av e-post - hugs å ikkje legge inn personleg informasjon i meldinga.)

Øvrig kontaktinformasjon for tilsette i kommunen finn ein på kommunen si heimeside: <http://masfjorden.kommune.no>

Kyrjekontoret når ein  
via kommunen sitt sentralbord : 56166200  
Direktenummer til soknepresten: 56166263


Øvrig kontaktinformasjon for tilsette og tillitsvalde i kyrkja finn ein på kyrkja si heimeside - <http://masfjorden.kyrkja.no>

## Om Masfjordingen :

"Masfjordingen" er eit meldingsblad for Masfjorden kommune og Frøyset, Sandnes og Solheim sokn. Bladet vert gjeve ut av sokna i samarbeid med kommunen. Bladnemnd er Helga Ekehaug og Frode Vee-Haugen. Formgjeving er ved Rune Garmann.

Adressa til bladet er  
**Masfjordingen,**  
Masfjorden kommune,  
5981 Masfjordnes.

**Bankgiro 3635.71.04216**



### *Dette ynskjer vi oss*

Send oss eit bilete av fjord eller fjell, blome eller bær slik at me kan pynta litt opp i meldingsbladet vårt! ;)

## Tusen takk!

Over ein fjerdedel av mottakarane har bidrege med bladpengar, mange med ekstra innbetaling. Me på kyrjekontoret takkar for støtta!

For deg som framleis har lyst å bidra kan du nytta kontonummer: 3635.71.04216